



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

## Pressemelding

---

Dato: 10. juni 2013

### **2,5 millionar kroner Lokal samfunnsutvikling i Østfold**

**Østfold fylkeskommune vil styrke utviklingskapasiteten og kompetansen i fylkeskommunen og i kommunane og auke medvitet i kommunane om ansvaret for lokal samfunnsutvikling.**

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

#### **Østfold fylkeskommune skal arbeide med:**

- Å styrke og samordne fylkeskommunane si oppfølging av kommunane gjennom:
  - Regional ressursgruppe for lokal samfunnsutvikling med representantar frå Fylkesmannen i fylkeskommunen, og Statens Vegvesen mfl.
  - Vidareutvikle planforum for å styrke planleggarane i kommunar og fylket innan ulike planområde.
  - Styrke den kommunale kompetansen på prosessleiing og nye metodar for profilering i arbeidet med å utvikle attraktive lokalsamfunn.
- Regionalt plansamarbeid mellom kommunane i indre Østfold om heilskapleg arealbruk over kommunegrensene og tettstadutvikling.
- Samarbeid om utvikling av lokalsentra i Spydeberg og Hobøl kommunar gjennom ein framtidsstudie som grunnlag for felles kommuneplanarbeid.
- Samarbeid om utvikling av byane Mysen og Askim, utvikle attraktive og spennande byrom med høg aktivitet og tilgjengelege møteplassar.
- Grensekommunesatsing i indre Østfold, der fylkeskommunane samordnar verkemiddelbruk overfor kommunane for heilskapleg regional utvikling.
- Satsing i byane Askim og Mysen mot 2050.
- Flere freske folk/Prosjekt livskvalitet, eit samarbeid mellom Østfold fylkeskommune, Østfold Idrettskrets og fem kommunar.
- Etablere utviklingsstrategiar for kommunane som ikkje er definerte som bykommunar i Indre Østfold

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00